# Fjell kyrkjeblad

Nummer 4 – 2018



## Engasjerte rådsleiarar

SIDE 4





**Ny leiar for Basecamp** SIDE 8

**T7 Pilegrimsvandring** SIDE 18

# Fjell kyrkjeblad

Fjell kyrkjeblad kjem ut 6 gonger i året
og kostar kr 200,- pr. år.
For utanbygds: kr 250,-.

**Utgjevar:** DEN NORSKE KYRKJA
Fjell kyrkjelege fellesråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Grafisk utforming:** Yngvild Mørner Sørheim

**Framsidebilete:** Rådsleiarane i Fjell, Sund og Øygarden. Foto: Olav Martin Vik.

**Trykk:** Bodoni AS

Miljømerket trykksak 2041 0699

## Kontaktinformasjon

**Adresse:** Fjell kyrkjelege fellesråd,
Postboks 184, 5342 Straume

**Besøksdresse:** Fjell kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, Temahuset

**Telefon:** 55 09 74 40

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 10.00-14.00

**E-post:** post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/fjell
www.t-dagen.no

## Bankgiro

**Fjell kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Fjell kyrkjelege fellesråd:** 1503.84.35067

## Innleveringsfrist

for annonsar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: **18. september**



**Olav Martin Vik**
Kyrkjeverje og redaktør

# Leiar

Det har vore ein fin sommar for mange. Så er det slik at nokon av dykk har opplevd det motsette. Me som arbeider i kyrkja kjem tett på død og sorg og me veit at for nokon har det vore ein tung sommar. Me legg no den varme og lyse tida bak oss og dagane vert kortare og kaldare. På same måte som årstidene varierer, så er det også variasjonar i liva våre. Gud veit om dette og ber oss å søkje inn til Han både i gode og vanskelege dagar.

Kalenderen til kyrkja i Fjell, Sund og Øygarden fyllest opp med aktivitetar utover hausten og vinteren. Det er noko for alle aldrar. Bruk kyrkje-blada og våre nettsider for å finne informasjon om det som skjer. Våre tilsette saman med alle dei flotte frivillige medarbeidarane i kyrkja ser fram til å møte deg.

Me har ein artikkel om sokneråds-leiarane i dette bladet. Dei er frivillige medarbeidarar og som du kan lese har fleire av dei vore med i mange år. Utan desse frivillige medarbeidarane hadde ikkje arbeidet gått rundt. Så er det slik at Gud spør ikkje etter alder eller utdanning. Alle kan vere med og Gud utrustar den som stiller seg til rådvelde i det kristne arbeidet. Tenkjer du at du kunne ha bidrege med noko, ta kontakt med oss så formidlar me det vidare til rette vedkommande.

Ha ein fin haust!

# Personalnytt

**Ida Pettersen** (25) er tilsett i 50% prosjektstilling som rettleiar på Basecamp RePro. Ida skal ha ansvar for og følgje opp ungdomar som har arbeidspraksis ved Basecamp RePro, og rettleie dei til vidare i utdanning eller anna arbeid. Ho skal også ha praktisk ansvar for aktivitetar knytt til re-design av gamle møblar og tekstilar.



**Astrid Fyllingen** (18) er tilsett i vikariat som helgekyrkjetenar i Foldnes kyrkje kvar fjerde helg frå september 2018 til juni 2019. Ho skal gjere klart til, og assistere under gudstenester og andre arrangement. Ho vikarierer for Ingeborg Børve Skjold som har permisjon fram til sommaren 2019.



**Mildred Fjøren Heggernes** er tilsett som leiar av FUNK og Ungdomsteamet i tida fram mot samanslåing av fellesråda. Ho ivaretar oppgåvene som til vanleg ligg under stillinga til Ungdomspresten. Mildred har permisjon frå stillinga som seksjonsleiar for barn og unge i kyrkja i Fjell til august 2019



## Andakta

# «I namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage Ande»

**Maria Tveten**
Sokneprest



September er ikkje min favorittmånad. Det er månaden der rutinane aldeles ikkje har sett seg. Alle gløymer gymtøy, ingen har innesko som passar og alle treningstidene er forandra. Mesteparten av tida vert halde til i bilen med køyring til og frå, og vekeplanen med dei sunne, næringsrike middagane hengjer der til spott og spe. På toppen av det heile kjem foreldremøta tett som hagl denne månaden. September er vanlegvis ikkje den tida på året der eg er den beste utgåva av meg sjølv.

Mange av dei store merkedagane i kyrkja vert innleitt med orda frå Matteus 28: «I namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage Ande». Vi seier desse orda i dåp, gravlegging og bryllaup, som meir enn nokon andre dagar markerer ein overgang til noko nytt. I starten av ei gudsteneste kan vi òg bruka desse orda, som inngangsord. Ordet «inngang» markerer ei rørsle og saman vandrar vi inn i gudstenesta og inn i det som ligg føre.

Fleire gonger har eg fått eit tips om å starta dagen med å gå inn på badet og ta vatn i andletet tre gonger: I namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage Ande. Slik markerer eg at dagen startar. Eg byrjar ikkje heilt for meg sjølv. Eg går inn i han i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage Ande.

Dimensjonen vert forandra. Blikket vert løft oppover og utover, meir enn innover og nedover. Dette året tenkjer eg å ikkje berre starta dagen slik. Eg tenkjer å opna semesteret, og ikkje minst september månad, i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage Ande. Så trer eg inn i det nye. Eg hoppar på karusellen som heiter september, men ikkje åleine. Eg kjenner at eg ikkje berre gruar meg i frykt for å falle av, men eg vert fylt av forventing. Kanskje dette er den beste karusellen eg har prøvd? I namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage Ande rundar eg sommaren og tittar rundt hjørnet på hausten.

## Innhald

Engasjerte rådsleiarar ..... 4-7
Nytt frå drift ..... 7
Ny leiar på Basecamp ..... 8
Godhet ..... 9
Nytt ungdomsteam ..... 11
Radiogudstenester i Fjell kyrkje ..... 12
Intervju med Morten Nygård ..... 14
Stemnesøndag i Landro ..... 16
T-dagane ..... 18–19

# Takk for tenesta, Håkon!



**Håkon Syrstadeng** (28) var vår gode kyrkjelydspedagog med fokus på ungdom her i kyrkja i Fjell. Han sa opp si stilling i kyrkja frå 1. august 2018. I dei to åra han har vore tilsett, har han saman med ungdomspresten vore engasjert i ungdomsarbeidet i kyrkja i Fjell (FUNK). Det vil i praksis seie ungdomsleiarkursa MILK og LED, Ungdomslaurdag, bibelgruppearbeid, leirar, Ung Bøn og Ung Messe. I tillegg har han vore konfirmantlærar og vore hovudleiar i Lukas Tensing. I dette har Håkon jobba etter FUNK sin visjon som er: «Vi vil at unge i Fjell skal få bli kjent med Jesus og vekse i trua på Han».

Håkon seier sjølv at noko av det mest meiningsfulle i jobben har vore samtalane med, og oppfølginga av, ungdomane han har blitt kjent med i kyrkja.

Vi takkar for tid, arbeid og engasjement i møte med ungdomane i FUNK. Takk for at du er ein ekte, nær og tydeleg medarbeidar, og for at du har vore opptatt av å sjå og bekrefte ungdomane.

Alt godt på vegen vidare!

*Rannveig Vestbøstad Vik*
*Leiar Seksjon for Barn og Unge*

# Engasjerte rådsleiarar

Frå 01.12.2019 skal dei kyrkjelege fellesråda Fjell, Sund og Øygarden slåast saman, og får namnet Øygarden kyrkjelege fellesråd. Leiarane i dei kyrkjelege råda har ei viktig rolle. Me har stilt dei nokre spørsmål om kyrkja i lokalsamfunnet og litt om korleis dei ser på oppgåva.

TEKST OG FOTO: OLAV MARTIN VIK

**Den norske kyrkja** er ein stor samfunnsaktør i Fjell, Sund og Øygarden. Berre på gudstenestene i fjor var det eit frammøte på 43.000. Det er eit rikt barnearbeid, konfirmantarbeid, diakonalt arbeid m.m. Arbeidet er noko forskjellig frå sokn til sokn. Frivillige er og vert meir viktig framover. Det er kyrkjeval i 2019 og det skal veljast nye sokneråd.

**LEIARANE:**

- Harald Rød er leiar i kyrkjeleg fellesnemnd som har ansvaret for samanslåing av fellesråda.
- Erling Vik er leiar i soknerådet og fellesrådet i Øygarden.
- Brynhild Enerhaug er leiar i soknerådet og fellesrådet i Sund.
- Dag-Olav Bjorøy er leiar i soknerådet i Landro og fellesrådet i Fjell.
- Anne Elisabeth Møvik Hornes er leiar i soknerådet i Fjell.
- Per Helge Refvik er leiar i soknerådet i Foldnes.

## Dette er spørsmåla som vart stilt:

**1.** Kor lenge har du vore med i soknerådet?

**2.** Kvifor brukar du av fritida di i kristeleg arbeid?

**3.** Kva har de særleg fokus på i tida framover i høve arbeidet i soknet?

**4.** Kyrkja er ein stor samfunnsaktør og møter mange menneske i ulike aldrar og ulike samanhengar. Kva tenkjer de om kyrkja si rolle i den nye kommunen?

**5.** Kvifor ønskjer de at menneske skal delta på tilbod i regi av kyrkja?

**6.** Kor viktig er og vert frivillige medarbeidarar i arbeidet framover?

## Harald

**1.** Eg har vore med i ein periode frå 2004 til 2008, og var leiar i fellesrådet i to år. Eg er no med i Foldnes sokneråd i denne perioden.

**2.** Det har heilt frå ungdomen av vore viktig for meg å få vera med i i arbeidet i kyrkje og misjon. Jesus kallar oss til tru og teneste. Det kan verka lite det ein får gjort, men det gjev så mykje tilbake dette å få arbeida saman med andre menneske om felles mål.

**3.** Dette spørsmålet skal ikkje Harald svare på som leiar av fellesnemnda.

**4.** Kyrkja bør framleis ha ein respektert rolle i bygda som kommunen reknar med og set pris på. I bygdene her vest har kyrkja hatt ein viktig rolle for folket og kommunane. Dette er verdiar som bør førast vidare i den nye kommunen. Dette betyr også at kyrkja må fylla denne rollen på ein slik måte at kommunen ser verdien i å hegna om eit godt samarbeid. To arbeidsfelt er særs viktige. Det er ungdomsarbeid og diakoni. Det vil alltid letta på «kommunen sitt samvit» når det vert lagt merke til eit godt arbeid mellom barn og unge, og ei diakonal teneste som har kontakt med menneske som slit med einsemd og redusert funksjon.

**5.** Det er fleire grunnar. Først og fremst er det for å la menneske møta Guds ord i forkynninga, både for å få næring til si tru, og for å møta kallet til tru og teneste.

Men det handlar og om å finna eit kristent fellesskap der barn og unge, foreldre og eldre opplever eit sosialt



Frå venstre: Erling Vik, Harald Rød, Brynhild Enerhaug, Dag-Olav Bjorøy, Anne Elisabeth Møvik Hornes og Per Helge Refvik.

nettverk som ei god og trygg ramme for livet.

Det handlar og om å vidareføra arven i bygdene våre, der kyrkje og kristenliv har vore ein viktig del av vår identitet og kultur.

> *Det handlar om at vi tek vare på kvarandre i glede og sorg*

Det er viktig at kyrkja gjev ei god og verdig ramme rundt dei store hendingane i livet vårt. Det gjeld dåp og konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Vi er overtydde om at kyrkja betyr mykje for mange menneske. Difor er det og viktig at dette ikkje vert sett på som «private» arrangement, men som viktige hendingar i kyrkjelyden. Det handlar om at vi tek vare på kvarandre i glede og sorg.

**6.** Det er vanskeleg å sjå for seg at kyrkja vil få midlar til å løna alt arbeid som bør skje i kyrkja sin regi. Skal kyrkja lukkast i å ha ein sentral rolle i bygdene, må vi evna å rekruttera frivillige. Frivillig arbeid har også ein eigenverdi. Det betyr at «folk flest» tek eit ansvar for å halda arbeidet oppe, og at det er eit levande engasjement for kyrkja. Det er fare for at folket si oppleving av kyrkja vert at kyrkja er eit «vesen» mellom andre «vesen» om alt vert løna arbeid (helsevesen, brannvesen, «kyrkjevesen»).

### Erling

**1.** I denne bolken meiner eg at det skal være 10–12 år. Eg har også vore med tidligare men huskar ikkje årstal.

**2.** Det er eit meiningsfullt og viktig arbeid for å bringe den kristne arven vidare til nye generasjoner.

**3.** Vi har jobba med NAMU (Naturlig menighetsvekst) dei siste åra og dette arbeidet vil vi fortsette med. Dei områda vi ikkje er så gode på har vi spesielt fokus på. Som eit ledd i dette, prøver vi å etablere nokre smågrupper til hjelp i arbeidet.

**4.** Kyrkja blir ein viktig del, og det er viktig at noko av det lokale særpreget blir vidareført og at ein kan byggje på dei beste delane frå kvarandre.

**5.** Kyrkja har mange gode og meiningsfulle tilbod til alle aldersgrupper. Det å komme saman og oppleve ting saman, og støtte kvarandre i sorg og glede er fint. Og så må vi aldri gløyme kva som er hovudoppdraget vårt: å forkynne Guds ord til frelse. Jesus er vegen.

**6.** Dei frivillige medarbeidarane er og blir viktige i arbeidet framover og det er viktig å skape lokalt engasjement og eigarskap til arbeidet. Det er viktig at folk kjem på bana og ikkje blir sitjande på tribunen.

### Brynhild

**1.** Eg kom inn i soknerådet i 2011.

**2.** Fordi det er meiningsfullt for meg. Eg kjenner meg heime i kyrkja, og ynskjer å bidra til at andre kan vere med i dette fellesskapet.

**3.** Soknerådet blir ikkje lenger fellesråd, og kan konsentrere seg om å drive kyrkja sitt åndelege arbeid. Trusopplæringsplanen for barn og unge ligg der, og soknerådet må ha eit sterkt fokus på å få alle tiltaka i gang. Rikdommen i kyrkjelyden er menneska som høyrer til der, og får vi til samarbeid og engasjement som omfattar fleire, får vi tilgang til denne verdien.

> *Rikdommen i kyrkjelyden er menneska som høyrer til der*

**4.** Den nye kommunen blir større, det same blir kyrkja. Vi kan bli ein maktfaktor som ynskjer å bidra og bli gode samarbeidspartnarar for å gjere den nye kommunen til ein god stad å bu.

**5.** Vi trur kyrkja kan gje menneska eit fellesskap og eit trusfundament som kan hjelpe dei å takle komplekse livsutfordringar i ei hektisk og krevjande tid. Menneske treng å høyre til ein stad. Vi ønskjer å utvikle møtestader der det er stor tryggleik og åndeleg fellesskap.

**6.** Kyrkja er avhengig av frivillige for at det skal vere ein levande kyrkjelyd. I framtida vil dette bli minst like viktig, kampen om ressursane kan auke. Men gjennom frivillig arbeid blir vi kjende med kvarandre og tilsette, og kan påverke korleis livet i kyrkjelyden skal vere.

### Dag-Olav

**1.** Bortsett frå to år som vararepresentant, har eg vore fast medlem sidan hausten 2001.

**2.** Det er viktig å få fortalt andre menneske om det Jesus har gjort for oss. Det er givande å møte andre menneske og bli kjent med dei innanfor gode rammer.

**3.** Fokuset er retta særleg mot barn og unge. Vi har stor tilflytting av barnefamiliar som vi ønskjer å nå.

**4.** Kyrkja har hatt – og skal ha – mange ulike roller: forkynning, omsorg for einskildmennesket, kulturberar, trusfellesskap, arbeidsfellesskap og omsorgsfellesskap. Vi treng å markere at vi kristne er eit fellesskap sjølv om vi òg kan vere usamde. Vi må skape ulike arenaer til ulike målgrupper utan å misse omsynet til at vi er eitt i Kristus.

**5.** Målet vårt er at menneske skal ta mot Jesus som sin frelsar, og oppgåva vår er å peike på Han gjennom det arbeidet vi utfører. Mange kjem til tru fordi dei har møtt andre som har delt av seg sjølv og trua si; ei hjelpande hand og eit ope sinn kan verke betre enn ei preike.

**6.** Dei frivillige har hatt – og vil ha – stor plass i kyrkja, og vi takkar for alle som tek på seg oppgåver. Utan frivillige vert det lite arbeid att i kyrkja. Kva som møter oss i framtida, veit vi ikkje, men vi får nok endå meir bruk for frivillige i tida som kjem!

### Ann Elisabeth

**1.** 3 år.

**2.** Fordi det er noko av fundamentet i livet mitt.

**3.** I soknerådsarbeidet framover jobbar vi mellom anna med diakoni, gjevarteneste og basargruppe og i haust vert det radiogudstenester i Fjell kyrkje.

**4.** Kyrkja vil ha ein like viktig funksjon i den nye kommunen som den har hatt til no. Sjølv om kommunane slår seg saman har folk behov for å gå til gudsteneste og bruke kyrkja både til kvardags og i høgtider.

> *Påfyll og næring til den kristne trua*

**5.** Fordi kyrkja har eit variert og godt tilbod både til barn, unge og eldre, noko som gir påfyll og næring til den kristne trua til kvart enkelt menneske. Tweens er eit døme på eit slikt tilbod som samlar mange barn og unge til både leik, aktivitetar og andakt i kyrkja vår.

**6.** Det er viktig framover for å kunne oppretthalde eit bredt tilbod til ulike grupper i kyrkja i tillegg til ordinære gudstenester.

### Per

**1.** Eg har vore med i soknerådet sidan hausten 2015.

**2.** For meg er det viktig å få vere med på å bringe vidare bodskapen om Gud sin grenselause godheit til oss menneske. Det er også fint å få høyre til et godt kristent fellesskap, noko som eg opplever at Foldnes sokn er.

**3.** Me ønskjer at kyrkja skal ha ein tydeleg sosial profil, og kunne bidra til å hjelpe menneske i soknet. Me arbeider derfor med å styrke det diakonale arbeidet vårt.

I samband med at me no har vorte eit eige sokn, og i høve samanslåing til ein ny kommune, ønskjer me å arbeide med å styrke den lokale leiinga i soknet. Spesielt er det viktig med ei god og tenleg leiing av det frivillige arbeidet. Det er varsla endringar i tildeling av midlar, og me må i framtida finansiere meir av arbeidet vårt sjølve. Me må derfor ha fokus på å auke eigne inntekter.

> *Eit godt samarbeid med Fjell kommune*

**4.** Kyrkja har hatt eit godt samarbeid med Fjell kommune. Skular og barnehagar har besøkt kyrkja, og me har ulike samarbeidsprosjekt som til dømes Basecamp. Dette gode samarbeidet håpar me kan halde fram i den nye kommunen.

Det er mange menneske i soknet som har eit forhold til kyrkja. Nokre er berre innom ein sjeldan gong, nokre er trufaste kyrkjegjengarar, og mange er ein plass i mellom. Det er viktig at kyrkja kan møte den enkelte der dei er, og kan væra ein plass der det er trygt og godt å komme for alle som ønskjer det.

Samlingane i kyrkja skal vere ein plass der det vert lagt til rette

for at menneske kan få møte Gud. Bodskapen om Jesus, og betydninga av hans død på korset, må formidlast på ein tydeleg måte.

Kyrkja må vere til for dei som treng hjelp. Hjelp treng vi alle frå tid til anna. Vi må arbeide for å verne om det enkelt menneske sin verdi i kraft av å vere skapt i Guds bilde.

Korset i altertavla i Foldnes kyrkje er forma slik at den kan sjå ut som ein stor kjærleik på pinne, og på barnemunn vert kyrkja ofte omtala som "kyrkja med den store kjærleiken". Dette synes eg er ein fin målsetnad for kva som bør prege fellesskapet vårt, og vår tilnærming til menneska rundt oss.

**5.** Kyrkja er grunnlagt for å vitne om evangeliet om Guds nåde. I eit samfunn der vi menneske stadig blir møtt med nådelause krav, trur eg mange tørstar etter nåden. Me treng å få høyre at vi er gode nok som me er, og at me er verdifulle fordi me er skapt i Guds bilete. Bodskapen om Guds nåde lærer oss at det er ikkje noko me kan gjere for å få Gud til å elske oss høgare, og det er ikkje noko me kan gjere for å få Gud til å elske oss mindre. Eg håpar dei som kjem innom kyrkja kan få ei kjensle av denne nåden.

Det er i vår tid mange meiningar om kyrkja vår, og det er mange vanskelege spørsmål som må handterast. Den norske kyrkje er ein omfattande institusjon som står i både ein historisk samanheng og i ein verdssamanheng. Eg meiner kyrkja er ein viktig reiskap for å fremje Guds rike, og for meg er det derfor viktig å støtte opp om den kyrkja vi har.

Gjennom å vera ein del av fellesskapet her, er du også ein del av Guds verdsvide kyrkje på jorda.

**6.** Det er i dag eit omfattande arbeid i soknet, og mykje av dette vert drive av frivillige medarbeidarar som gjer ein imponerande innsats. Skal me klare å vidareføre dette gode arbeidet, og helst auke tilbodet i soknet, er me heilt avhengig av at frivillige fortsatt ønskjer å vere med på dette, og at nye medarbeidarar kjem til.




# Ute på drift

**TEKST: NORVALD SNEKKEVIK**
**FOTO: CHRISTER KØHNE — SOTRA BIL**

Fjell kyrkjelege fellesråd har i samarbeid med Fellesråda i Øygarden og Sund investert i ny bil med henger. Bilen vart overlevert frå Sotra Bil A/S 25. juli 2018. Bilen er av merket Ford Ranger og vil forhåpentlegvis bli til god nytte i det nye fellesrådet. Logoen er framtidsretta; Øygarden kyrkjelege fellesråd.

## Fjerning av gravmonument

I desse dagar blir mange gravmonument fjerna frå kyrkjegardane. Ein del av dei er sletta graver og ein del har stått med raud lapp på i over eit år. Graver utan registrert festar, vert merka med ein raud lapp. Gravmonumenta blir oppbevart hos oss i eit år før dei blir levert til destruksjon.

*Norvald Snekkevik*



# Drenering

**FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM**

Dreneringa på Straume gravplass vart fullført i midten av juni. Nå vonar vi at vi unngår problem med overvatn på denne gravplassen.





**JON ANDREAS TJENTLAND**

- Alder: 30 år
- Kjem frå: Årdal i Ryfylke
- Sivil status: Gift og pappa til ei lita jente
- Bur: På Kronstad i Bergen
- Utdanning: Master i teologi, påbegynt cand. theol utdannelse, årsenhet i PPU og Idrett

# Ny leiar på Basecamp

## Jon Andreas Tjentland (30) er tilsett i fast stilling som diakon/dagleg leiar for Basecamp ungdomsdiakonitiltak. Han kjem frå eitt års vikariat som ungdomsprest i Fjell kyrkjelege fellesråd.

**TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM**

På Basecamp skal Jon Andreas arbeide med administrasjon, leiing, utviklingsarbeid, og oppfølging av tiltak retta mot ungdom. Han skal også sjølv ta aktivt del i miljøarbeidet på Basecamp.

Basecamp er eit førebyggjande tiltak for ungdom på Sartor Storsenter på Sotra. Primærfokuset er ungdom som oppheld seg mykje på Sartor Storsenter og per i dag ikkje nyttar seg av organisert ungdomsarbeid, og som er i risikosona for å starta med rus og/eller kriminalitet. Det kan også vera ungdom som på andre måtar er i ein utsett livssituasjon psykisk, fysisk og/eller emosjonelt.

Gjennom inkludering og nestekjærleik ynskjer Basecamp at ungdomane skal få oppleva å bli ein del av eit fellesskap, bli sett og høyrt. Visjonen til Basecamp er: «Bidra til å realisera draumane til ungdom om eit godt liv».

*Kven er Jon Andreas?*
Eg er ein livsglad etterfylgjar av Jesus Kristus, som no i haust byrjar på mitt 6. år i Bergen(!!). Eg er gift med ei herleg dame frå Nordhordalands perle, Hjellvik, og pappa til ei sjarmerande jente på 11 mnd.

*Kvifor akkurat denne jobben?*
Lista er lang, men fyrst og fremst vil eg sei at det å vere ungdomsdiakon/dagleg leiar på Basecamp er ein unik jobb med spanande moglegheiter. Tenk å få jobbe så tett på ungdommar – saman med andre som diggar ungdommar, samtidig som ein får drive på med forskjellig administrativt arbeid. Eg har ikkje høyrt om ein liknande jobb.

*Du har vore ungdomsprest i Fjell. Kva trur du vert annleis i denne jobben?*
Det meste, bortsett frå at eg forhåpentlegvis kjem til å vere mykje saman med ungdommar. Dette er ein ganske annleis jobb, samanlikna med det å vere ungdomsprest. Noko av det eg gler meg mest til er å vere på «ein plass».

*Kva tenkjer du at du som leiar kan tilføre Basecamp?*
Eg håpar eg kan tilføre engasjement, latter, liv og eit par gode øyrer. Eg håpar at eg som leiar kan leggje til rette for at resten av staben får bruke alle dei gode eigenskapane dei har, slik at me saman kan hjelpe ungdom til å realisere draumen om eit godt liv.

*Er du spent på oppgåva?*
Ja, men eg gleder meg mest. Trur eg kjem til å lære mykje nytt! Kjenner meg veldig heldig og privilegert som får jobbe saman med resten av den flotte staben på Basecamp.
Takk for tilliten!

# Godhet: «Små ting gjort i kjærleik kan forandre verda»

**Siste veka i mai vart Godhet arrangert for fjerde gong i kommunen vår. Godhet Fjell er eit tverrkyrkjeleg samarbeid mellom Saron, Metodistkirken, Foldnes sokn, Landro sokn og Fjell sokn.**

TEKST OG FOTO: ANNE ELISABETH MØVIK HORNNES

Dei som meldte seg på Godhet fekk hjelp til å utføre hagearbeid, maling, husvask eller anna forefallande arbeid.

Det vart utført til saman 17 oppdrag, der ein prat over ein kopp kaffi var ein viktig del av oppdraget. I tillegg var det ein stasjon ved Fjell kyrkje der ein kunne få vaska bilen sin gratis. Det kjem noko overraskande på dei fleste at vi kan gjere slikt utan å ta betalt for det.





Mottoet til Godhet sentralt er: «Små ting gjort i kjærleik kan forandre verda». Dette vil vi som kyrkjelydar vere med å bidra til. Ein person kan ikkje gjere alt, men fleire kan gjere små ting som betyr noko for dei det gjeld.

Ei av dei som har fått hjelp frå Godhet er Annbjørg Barane: «Eg er veldig glad og takksam for Godhetsdagane i Fjell. Eit flott tiltak som eg har hatt nytte av i fleire år no. Det er fint berre å få ringja eller senda ei melding til dei som steller med det. Så får eg svar om at dei vil ta kontakt seinare, og det gjer dei».

Ho fortel vidare: «Det kom ein kjekk mann som såg over kva eg hadde bruk for å få gjort, han noterte og vurderte oppgåvene og fann fram til folk som kunne gjera dette. Unge og eldre arbeidsvillige fekk rydda ganske bra i hagen min, i tropevarme. Og då attpåtil sokneprest Maria kom på besøk med kaker, kaffi m.m. var det heilt topp! Tusen takk, eg har meldt meg som brukar av dette tilbodet på livstid, eller så lenge eg har hus og hage!»

Men Godhet har også betydning for dei som er med og hjelper. Erik Martinus Fjeldstad var ein av dei som brukte litt av tida si til å hjelpe andre. Korleis var det å vera med på Godhetsfestivalen?

"Eg hadde ei god oppleving av å delta på godhet og opplevde det som svært givande å kunne hjelpe nokon med ting som dei sjølve ikkje greidde å gjere. Og det var nettopp dette som var motivasjonen min for å delta; eit ønskje om å bidra med noko til hjelp og glede for nokon. Ho vi hjelpte til hos, tok godt i mot oss og var hjelpsam rundt spørsmål om korleis ho ønskte ting skulle gjerast. Dette var nyttig for unge gutar som ikkje er så vant med hagestell. I tillegg fekk vi bruke huset hennar til å kjøle oss ned i pausane våre som ei fin avveksling til den sterke sola.  Alt i alt vart det ein minneverdig dag, og ikkje berre på grunn av den steikande varmen, men fordi vi fekk sjå kor mykje ein ettermiddag av vår tid og arbeidskraft kunne bety for eit anna menneske."

I etterkant av Godhet har det kome fleire tilbakemeldingar på arbeidet som er gjort: "fantastisk at dere gjør dette", "dere er noen engler!", "ble så glad for denne hjelpa". Heile godhetsveka kan vi oppsummere slik: takknemlegheit.

# BESTILLINGSBUSSEN

## HAUSTEN 2018

AKTIV+ SOTRA ARENA

**Aktiv+ Sotra Arena tysdagar:** Frå og med 28. august kan ein køyra buss til og frå Aktiv+. Bussen er framme ca. kl. 10.15 med retur kl. 13.15 frå Sotra Arena.

**Trening: 14 tysdagar**

| | |
|---|---|
| August: | 28. |
| September: | 4., 11. og 18 (ikkje trening 25.) |
| Oktober: | 2., 23. og 30 (ikkje trening 9. og 16.) |
| November: | 6., 13., 20. og 27. |
| Desember: | 4., 11. og 18. |

*Grafisk utforming: Monica Hovland, Fjell kommune 2018*

TREFF+ SARTOR STORSENTER

**Treff+ Sartor Storsenter torsdagar:** Bussen går som vanleg kvar torsdag til/frå Straume terminal. Bussen er framme innan 11.00 med retur 14.00 frå Straume terminal.

**Pris**

Billettpris 37,- kvar veg (frå mai 2018). Det vert selde klippekort med 10 klipp til 350,-. (Dei som har klippekort kan nytta desse).

**Bestill plass på bussen**

Ring Servicetorget 55 09 60 00 for å bestille buss. Bestilling innan 14.00 dagen før. Du kan bestille fast plass, då treng du berre å ringa om du må avbestilla.

**FJELL.KOMMUNE.NO/BESTILLINGSTRANSPORT**

# Nytt ungdomsteam


Silje Hornnes (Foto: privat)


Ragnhild Nilsen


Maria Andersen Stokke

Skuleåret 2018/2019 har vi i staden for éin ungdomarbeidar i FUNK, tilsett tre studentar som skal jobbe med og for ungdomane i FUNK.

**TEKST: RANNVEIG VESTBØSTAD VIK**

**FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM**

Dei tre er: Silje Hornnes (20) frå Ulveset, Ragnhild Nilsen (20) frå Møvik og Maria Andersen Stokke (25) frå Askøy. Silje og Ragnhild har i oppveksten sjølv vore ein del av ungdomsarbeidet i kyrkja i Fjell! Silje skal vidare til Frankrike etter jul, og blir difor i FUNK berre fram til jul. Ragnhild skal i gong med lærarstudium i Bergen. Maria er masterstudent i teologi ved NLA Høgskulen i Bergen. Ho kjenner også kyrkjelydane og FUNK frå før, ho har vore her i praksis og dei to siste åra har ho vore tilsett som konfirmantlærar i kyrkja i Fjell. No gler dei seg alle tre seg til at dei gjennom jobben som ungdomsarbeidarar kan bidra til at ungdomar kan få oppleve å vere ein del av eit inspirerande og trygt kristent fellesskap i FUNK.

## MILK & LED
### leiarkurs



Også dette året inviterer kyrkjelyden til leiarkurs for ungdom. MILK er for fjorårskonfirmantar, LED er for eldre ungdommar med leiaroppgåver. Ein samlast på kyrkjekontoret til felles måltid kl. 16.00, og har undervisning kvar for seg fram til kl. 19.00.

**Datoar for MILK og LED hausten 2018:**

torsdag 13. september
torsdag 4. oktober
torsdag 1. november

Kurset fortset **våren 2019** med desse datoane:
24. januar, 21. februar, 21. mars + ei sommarsamling.

Ansvarleg for MILK er Mildred Fjøren Heggeres, og for LED Anne Ludvigsen Kaldestad

Påmelding kan skje til kyrkjekontoret ved rannveig.vik@fjell.kommune.no

# Radiogudstenester i Fjell kyrkje!

I haust startar vi opp eit nytt tilbod med radiogudstenester i Fjell kyrkje den siste søndagen i månaden. Gudstenestene vert kl. 17.00, med kyrkjekaffi i forkant frå kl. 16.15. (den same søndagen er det ikkje gudsteneste i Fjell kyrkje kl.11).

TEKST: ARNE BJORØY OG JAN HELGE LIE
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Det er ei gruppe kyrkjefolk som er medlemmer i Den norske kyrkja, som har arbeidd fram dette prosjektet. Vi har møtt godvilje frå Bjørgvin bispekontor, prosten, kyrkje-administrasjonen og soknerådet og ser med forventning og spenning fram mot den første gudstenesta søndag 30. september!

Gudstenestene, som skal vara i vel ein time, vert arrangerte i samarbeid med P7 / Kristen Riksradio og vert difor kalla "Radiogudstenesta". Redigert opptak vert sendt søndagen 14 dagar seinare av P7. Dermed kan, potensielt sett, halve befolkninga i Norge høyra gudstenesta! *Det* er naturlegvis vel optimistisk, men dersom 0,1 % høyrer på, er det ca. 2.500 menneske; det òg er eit imponerande tal.

For vi i initiativgruppa har også eit misjonalt perspektiv med prosjektet: Vi ynskjer at kyrkja skal gå endå meir aktivt inn i misjonsoppdraget Jesus gav i Matteus 28, v. 18–20. Og prosjektet gjer det mogeleg å nå mange fleire med evangeliet ved hjelp av radio.

## God dialog med P7

I planleggingsperioden siste året har vi hatt ein god dialog med P7 som er interessert i å senda slike program, for mange av deira lyttarar har bede P7 senda gudstenester. Så vi opplever at samarbeidet med P7 er ein "vinn-vinn-situasjon".

Fjell kyrkje er frå gamalt av hovudkyrkja i Fjell, og vi trur det for folk vil vera positivt å gå til kyrkje på eit anna tidspunkt enn kl 11.00 ein gong



i månaden. Mange er dessutan bortreist på tur eller på hytta i helgene; desse kan no likevel få med seg ei gudsteneste når den startar søndag ettermiddag kl. 17.00. (I Bergen sentrum har det vore eit tilsvarande tilbod i Mariakirken søndag kveld.)

## Møte som samle folk

Vi ynskjer også at Radiogudstenesta skal "byggja bru" til organisasjonar og andre kyrkjelydar/forsamlingar som Straume Forum, Tremorkyrkja, andre kyrkjesamfunn og bedehusmiljøet ved at gudstenestene kan innehalda frie vitnesbyrd, korsong og forkynning av lekfolk. Det var tidlegare tradisjon for slike gode "fellesmøte" i Fjell kyrkje, møte som samla mykje folk frå ulike kantar av Sotra, dette ynskjer vi å få tilbake.

Nokre som går i dei nye forsamlingane har gitt uttrykk for at dei saknar liturgien og salmesongen dei får i gudstenesta i kyrkja, dette vil dei få på Radiogudstenestene. Her ligg det åndelege skattar som kyrkja har utvikla over 2000 år, skattar vi vil ta med vidare!

For å ha ei ryddig organisering av prosjektet, har iniativgruppa starta og registrert ei foreining som heiter "Radiogudstenesta". Denne foreininga byggjer på vedkjennings-skriftene til Den norske kyrkja og "Kirkens Grunn" frå 1942.

Velkomen til den første Radiogudstenesta søndag 30. september kl. 17.00!

# Kyrkjeskyss til Fjell kyrkje hausten 2018

Fjell sokneråd har tilbod om kyrkjeskyss til gudstenester søndag formiddag. Dette er eit tilbod til deg som bur i soknet og som ikkje har moglegheit til transport sjølv. Du kan kontakte kyrkjekontoret på telefon 55 09 74 40, alternativt soknerådet på telefon 913 87 733.
**Velkomen til kyrkja!**

# BASARGRUPPE I FJELL KYRKJE

Vi har starta opp basargruppe i Fjell kyrkje. Målet er å samlast for å planlegge basar, i tillegg til ein god prat over ein kopp kaffi. Neste samling er torsdag 13. september kl. 19 i kyrkjelydssalen. Du er hjarteleg velkomen til å vere med å planlegge basar.

**Basaren denne hausten vert laurdag 3. november i kyrkjelydssalen.**

Kan du bidra med gevinst? Ta i så fall kontakt med Ruth Tangen tlf. 454 52 869 eller Inger Nelly Skoge tlf. 990 47 753. Eller du kan levere den i kyrkjelydssalen 13. september kl. 19. Takk for at du gir eit bidrag til kyrkjelydsarbeidet.

*Anne Elisabeth Hornnes*



**I stilla og tillit skal dykkar styrke vera!**

## Retreat-kveld

**Hausten 2018 i Fjell kyrkje kl. 20.00:**

onsdag 26. september
onsdag 24. oktober
onsdag 21. november

Open kyrkje i advent: 5. desember og 12. desember frå kl. 20.00–21.00

Tid til ro i Guds hus

Tid til Bibelen

Stillhet

Musikk

Enkel kveldsbøn

Ein kopp te

**Velkomen!**

## Sotra Reviderte

**Program for hausten:**

**22. og 23. september** skal vi vera med i eit prosjektkor med koristar frå Bjørgvin Kyrkjesongarforbund å framføra Mozart's Requiem, i Skjold kirke og Åsane kirke.

**Søndag 21. oktober** framfører vi Duke Ellinton's Sacred Concert ilag med Sotra Storband i Austevoll.

**Søndag 4. november**, Helgemessesøndag, står «Evensong etter anglikansk tradisjon» på programmet i Fjell kyrkje.

**16. desember** er koret med på «Vi syng jula inn» i Fjell kyrkje, og på nyåret held Sotra Reviderte sin eigen jule-/nyttårskonsert i kyrkja.

Vokalensemblet Sotra Reviderte øver kvar tysdag kl. 19.00–21.30 i kyrkjelydssalen i Fjell kyrkje. Koret er opent for alle som vil syngja i eit acapella korensemble.

Koristar tek og jamleg del i gudstenestene i kyrkja som forsongarar.

**Vil du vera med i koret?**
Ta kontakt med
Styreleiar: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603
Dirigent: Olav Sørheim tlf. 926 15 988

# Godt kameratskap

Kyrkjebladet har møtt Morten Nygaard i heimen på Kolltveit. I mange år har han vore ein del av «Mannsgruppen», ein gjeng mannfolk som møtast i Foldnes kyrkje.

TEKST OG FOTO: MARIA TVETEN



**MORTEN NYGAARD**

- Gift med Gerd Lie Nygaard
- Pensjonert avdelingsleiar (lektor)
- 4 barn og 9 barnebarn
- Bur på Kolltveit

*Kva var det som gjorde at ein siddis blei Fjellsokning?*
– Då eg studerte realfag i Bergen, møtte eg Gerd frå Kolltveit. Vi gifta oss, og etter nokre år i Rauma, fekk eg jobb på Sotra vidaregåande. Vi fekk tomt hos Gerd sine foreldre i nærleiken av barndomsheimen hennar, fortel Morten. – Det ordna seg greit!

*Hugsar du korleis du blei tatt imot her i Fjell?*
– Eg har alltid følt at vi er velkomne! Eg vart fort engasjert i både politikken gjennom KrF, i arbeidet i kyrkja og eg blei godt kjend med folk gjennom arbeidet på Sotra vidaregåande. Eg måtte skifte målføre då eg vart politikar, humrar Morten. – Eg hugsar eg skulle skrive den fyrste årsmeldinga til KrF på nynorsk. Det var ein omvelting.

Morten har og vore formann i soknerådet i Fjell, samstundes som han satt i kommunestyret og hadde fire mindre barn.

– Det er klart det var travelt, seier han, men det var engasjerande og viktig!

Mannsgruppa vart starta i 1996 av Asbjørn Vilkensen, Frode Hammer og Leif Madsen, som eit fellesskap med forpliktande medlemsskap og personleg invitasjon i posten kvar gong det var møter. Sjølv om fellesskapet framleis ønskjer å vere forpliktande, er no møta opne for alle menn. Måla er derimot dei same:

> *Ein hjelp og støtte for kvarandre i trua*

– Mannsgruppen ønskjer å bevare og vinne menn for Jesus Kristus, og vere ein hjelp og støtte for kvarandre i trua, fortel Morten. – Vi ønskjer og å bevisstgjera medlemmane som far og ektefelle, støtte og ta ansvar i sokneråda sitt arbeid, med utgangspunkt i Foldnes kyrkje og støtte misjonsprosjekter innan forskjellige misjonsorganisasjonar.

Sjølv om fleire av medlemmane har vorte eldre sidan 1996, kan eit slikt fellesskap av menn vere ein flott arena for godt kameratskap og ein stad der ein kan læra og bli lytta til.

– Vi har ein «lødig» tone, seier Morten, – Det er lett å kome til ordet, og ein stad kor ein kan sjå, og bli sett.

Ulike foredragshaldarar vert invitert og det har vore stor breidde i tema på «Mannsgruppen» sine møter.

– Krigen, Byarkivet, Kirkens SOS, Fjell røde kors, ramsar Morten opp, – Ja, tema som ikkje er spesifikt kristne, men som er svært interessante. Så avsluttar vi alltid med andakt. Til hausten skal vi til dømes ha besøk av professor emeritus Jan Fridthjof Bernt som skal ha eit foredrag om «Den nøytrale staten». Ein gong i året reiser vi på bedriftsbesøk til ulike bedrifter, til dømes Kollsnes eller helikopterbasen.

Nokre gongar arrangerer «Mannsgruppen» krabbefest, eller fisketur med påfølgande fiskefest. Morten fortel og at på adventssamlinga før jul vert ektefeller invitert med. Då er det meir mat på bordet enn den tradisjonelle og faste mannsgruppeføda: kaffi, is og fruktcocktail!

# KM Kluzz og Ten Sing Lukas

Foldnes kyrkjelyd og Fjell KFUK/KFUM driv i samarbeid eit aktivt og positivt arbeid for familiar og ungdom i Foldnes kyrkje. No startar vi opp hausten både med Ten Sing Lukas og KM Kluzz. Vi håper å sjå mange av dykk som tidlegare har vore med, og ønskjer også nye hjarteleg velkomen!



## TEN SING LUKAS

Liker du å synge, speler du eit instrument, er du gira på dans og drama, samtidig som du har lyst å vere ein del av eit positivt og sosialt miljø? Ten Sing Lukas er alt dette, og meir til! Vi drar på øvingshelger, har konsertar og deltar på Ung Messe. Vi øver i Foldnes kyrkje mandagar kl. 18.30–21, og tar gjerne imot nye medlemmer frå 8. klasse og oppover. Ta kontakt med Andrea Ådland (tlf. 977 55 938) dersom du har spørsmål, eller still opp på ei øving for å sjå om det er noko for deg. Velkommen!

## KM KLUZZ

Ein tysdag i månaden kan du ta med heile familien til KM Kluzz med middag, aktivitetar og andakt i kyrkja. Der vil du treffe andre familiar, tilsette frå kyrkja og KFUK/KFUM og frivillige, som saman steller i stand ein triveleg ettermiddag for alle. Det er ope for alle: Barn (i følgje med vaksne), foreldre, besteforeldre, fadrar, naboar, venner og kjente. Velkommen til ein avslappande ettermiddag i eit positivt miljø! Sjå annonsen under for datoar og meir informasjon.

*Astrid Aksnes Myskja*



# Jazzgudsteneste i Foldnes kyrkje

### Søndag 23. september kl. 11.00 med tonefølgje av ei gruppe frå Sotra Storband:

- Arvid Steinar Haugen - trompet
- Rune Landro - altsax
- Torleiv Jarland - trombone
- Erlend Gjøen - bass
- Odd Magne Johansen - trommer

Saman med forsongarar, organist Aasmund Brekke og sokneprest Terje Aannerød. På gudstenesta syng vi både gamle og nye salmar, med nyskrivne arrangement i jazzens tonespråk. Det blir dåp og nattverd.

# KM KLUZZ

Datoer for høsten 2018:
21. August
18.September
16. Oktober
13.November
11.Desember
Fra 16.30 til 18.30 i Foldnes kirke

PROGRAM:
MIDDAG
KORT ANDAKT
AKTIVITETER

Alle er hjertelig velkommen!

# Stemnesøndag i Landro

**To store turistbussar stod parkert ved Landro kyrkje første søndag i juli. Kyrkja var fullsett av folk frå heile Fjell sidan dette var einaste gudstenesta i kommunen denne søndagen. Men det var gjestene frå bussane som viste mest igjen.**

TEKST: ALVHILD VASSEL EIDE

Lærernes Misjonsforbund

Kven dei var? Frå 28. juni til 2. juli hadde Lærernes Misjonsforbund (LMF) sommarstemnet sitt på Bibelskulen på Bildøy. Med bibeltimar, misjonstimar, misjonsforedrag, offermøte, konsert ved Solveig Leithaug og årsmøtesaker, sidan det også var generalforsaming i år.

Ca. 140 LMF-medlemmer, mest kvinner og nokre menn, frå heile landet nytte godt av dei fine tilhøva og den gode maten på Bibelskulen. Veret var av beste merke, med varme og sol kvar einaste dag! LMF-gruppa på Sotra var stolte av å kunna visa fram Sotra frå si beste side!

Søndag 1. juli feira den store forsamlinga av lærarar gudsteneste saman med kyrkjelyden i Landro. Det høyrest på salmesongen og deltakinga i liturgien når 140 lærarar stemmer i! Olav Sørheim var organist og let seg inspirera av den flotte songen.

Bjarte Nese var liturg og kunne fortelja om at dei tre bokstavane LMF hadde prega hans barndom, for først måtte tanta vita når det var sommarstemne i LMF før andre ferieplanar kunne leggjast!

Dagleg leiar i LMF og tidlegre Japanmisjonær Inger Marie Andersen Oppegård heldt preika, til inspirasjon for oss alle. I gudstenesta var det også forbøn for det nyvalde landsstyret i LMF. Denne søndagen var det ikkje dåp, men vi fekk delta i nattverden til styrke for trua og for vegen vidare.

Sjølvsagt var det offer til LMF sitt verdensvide arbeid, som er slik uttrykt i mottoet: "-med kunnskap om Jesus til hele verden". LMF gjev økonomisk støtte til 16 misjonærar frå fem ulike norske misjonsorganisasjonar.

Det var mange som beundra den vakre frontveggen av rullestein, somme måtte fram å ta på han før dei gjekk i bussane. Turen gjekk vidare til byvandring i Bergen eller besøk på Trollhaugen.

Med takk for ei inspirerande gudsteneste i Landro!

PS: Lyst å verta med i LMF?
Ta gjerne kontakt med skribenten!



# Nordre Fjell barne- og tweenskor

LANDRO KYRKJE



**Barnekoret** i alderen 1.-4. klasse, øver kvar tysdag frå kl. 17.30 til 18.35 i Landro kyrkje.
**Tweenskoret** i alderen 5.-8. klasse, øver kvar tysdag frå kl. 18.40 til 19.45 i Landro kyrkje.

Vi følgjer for det meste skuleruta. Semesteravgift på kr. 100,-

**Noko av det som skjer i haust:**

**Onsdag 31. oktober** skal vi ha "**Hallovenn**"-arrangement i Ågotneshallen kl. 17.00. Der har vi minikonsert med familien Sulebakk.
**Søndag 9. desember** er det «**Vi syng jula inn**» i Landro kyrkje, der barne- og tweenskoret deltek saman med andre frivillige.
**Laurdag 5. januar** er det **julefest** i kyrkja, der vi også er med.

Kora deltek også på to familiegudstenester i haust; hausttakkefest og 1. søndag i advent. **Er dette noko for deg?**
Bli med på ei øving tysdag kl. 17.30. (18.40 for tweens).

Mvh. Eline Olsen, organist og barnekorleiar i Landro kyrkje.
Tlf. 906 05 332, email: elineolsen@yahoo.com

Bli med og syng!

# Juleprosjektkor

**Repertoar:**
Pop–, jazz og gospelinspirert julemusikk.

**Øving:**
Landro kyrkje i november
- avtalt etter påmelding.



**Framføring:**
Vi syng jula inn
Landro kyrkje 9. des. 2018

**Påmelding:**
E-post: elineolsen@yahoo.com
SMS 90605332

## VELKOMMEN TIL ONSDAGSMØTER I LANDRO KYRKJE HAUSTEN 2018

Annakvar veke er det onsdagsmøte i kyrkjelydssalen kl. 19.30. Det er ei samling med tale, lovsong og sosialt samvere. Møta er opne for alle som vil vere med i eit godt fellesskap!

| Dato | Talar |
|---|---|
| 05.09.18 | Talar: Kjell Asle Børnes |
| 19.09.18 | Talar: Svenn Martinsen |
| 03.10.18 | Talar: Maria Tveten |
| 17.10.18 | Gospelkveld m/ Askøy gospelkor |
| 31.10.18 | Talar: |
| 14.11.18 | Temaveld om Petter Dass: Dag-Olav Bjorøy og Erling Kopperud |
| 28.11.18 | Talar: Jon Andreas Tjentland |
| 12.12.18 | Talar: Espen Tveten |

# T7 Pilegrimsvandring

**Når:** Onsdag 15. august

**Kor:** «Den gamle kyrkjevegen»

**Kva:** Ca. 50 små og store pilegrimar var klare for haustens vakraste eventyr: T7-dagen. Snaut 40 rykande ferske og veldig spreke andreklassingar gjekk «den gamle kyrkjevegen» frå Morland til Fjell kyrkje. Ein fin gjeng «medvandrarar» var òg i følget: foreldre, besteforeldre, tanter, konfirmantar og pedagogar. Det blei ein flott dag! Vi var til og med ganske heldige med vêret. Framme i kyrkja var det mellom anna pilegrimssamling, film, hotdog og fruktpause.









## Velkommen på T-dagar!

Påmelding til, og info om alle T-dagane finn du på www.t-dagen.no eller ved å ringe 55 09 74 40. Spør etter Elisabeth, Kari eller Søgnie.

Vi er glade for tidlege påmeldingar, med tanke på grupper, leiarar og servering. Trusopplæringa i Fjell er for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Ta kontakt ved særskilde behov.



# Invitasjon til T-dagar

## T11 På sporet av Jesus

**Når:** Fredag 28. september kl. 17–20.30

**Kor:** Foldnes kyrkje

**Kva:** Alle sjetteklassingar i Fjell kommune er hjarteleg velkomne til ein spanande, morsom og lærerik kveld. Vi skal få møte fleire av dei som trefte Jesus då han gjekk omkring her på jorda, mellom anna tollaren Sakkeus, fiskaren Peter og Maria Magdalena. Det blir både forteljing, musikk og masse god mat (heime hjå Sakkeus). Velkomen! **Påmelding på www.t-dagen.no.**



## T10 Tweens

**Når:** Fredag 19. oktober kl. 18–21

**Kor:** Fjell kyrkje

**Kva:** For alle som går i femteklasse. Det blir masse kjekke tweensaktivitetar, til dømes leik, konkurransar, hobbyaktivitetar, brettspel, playstation, bordtennis og mykje meir. **Påmelding på www.t-dagen.no.** Velkomen!







## Fjell kyrkje

| Dato | Kl. | Gudsteneste | Prest | Dåp/Nattverd | Takkoffer |
|---|---|---|---|---|---|
| Søndag 09. september | 11:00 | Presentasjonsgudsteneste | Terje Aannerød | Dåp | Sjømannskirken |
| Søndag 16. september | 11:00 | Gudsteneste | Bjarte Nese | Dåp, Nattverd | Eige arbeid |
| Laurdag 22. september | 15:30 | Gudsteneste | Terje Aannerød | Dåp | |
| Søndag 23. september | 18:00 | Presentasjonsgudsteneste | | | Kirkens SOS i Norge |
| Søndag 30. september | 17:00 | Radiogudstenste P7 | Helge Unneland | Nattverd | Åpne dører |

## Foldnes kyrkje

| Dato | Kl. | Gudsteneste | Prest | Dåp/Nattverd | Takkoffer |
|---|---|---|---|---|---|
| Søndag 09. september | 11:00 | Presentasjonsgudsteneste | Maria Tveten | Dåp | Eige arbeid |
| Søndag 16. september | 11:00 | Presentasjonsgudsteneste | Maria Tveten | Dåp | Eige arbeid |
| Søndag 23. september | 11:00 | Jazzgudsteneste | Terje Aannerød | Dåp, Nattverd | Stefanusalliansen |
| Søndag 30. september | 19:00 | Bibel, bønn og lovsong | Maria Tveten | Nattverd | IKO - Kirkelig pedagogisk senter |
| Søndag 07. oktober | 11:00 | Gudsteneste | Terje Aannerød | Dåp, Nattverd | Livets lys |

## Landro kyrkje

| Dato | Kl. | Gudsteneste | Prest | Dåp/Nattverd | Takkoffer |
|---|---|---|---|---|---|
| Søndag 09. september | 11:00 | Gudsteneste | Helge Unneland | Dåp, Nattverd | Eige arbeid |
| Søndag 16. september | 11:00 | Gudsteneste | Egil Morland | Nattverd | NLA Høgskolen |
| Søndag 23. september | 11:00 | Presentasjonsgudsteneste | Bjarte Nese | Dåp | Eige arbeid |
| Søndag 30. september | 11:00 | Gudsteneste | Bjarte Nese | Dåp, Nattverd | Bibelskolen Bildøy |

*Med atterhald om endringar. Sjå også www.kyrkja.no/fjell for gudstenesteoversikt.*

# GOSPELKVELD

SONG- OG MUSIKKMØTE

Landro kyrkje

17. okt. kl. 19.30



**Askøy gospelkor**

**Allsong og andakt.**

**Velkommen!**



# Blide ungdommar

**TEKST OG FOTO: NORVALD SNEKKEVIK**

Også denne sommaren har ungdommar hatt sommarjobb på kyrkjegardane i Fjell. Hovudgjeremålet har vore å klippe gras og luke ugras. Kanskje du har treft på nokon av desse blide ungdommane i sommar? Her er, frå venstre, Marcus Snekkevik, Vilde Helen Wiberg og Robin Kålås i aksjon. I tillegg har Tord Aannerød, Semere Tesfalem Habte og Anders Honningdal gjort en flott innsats på kyrkjegardane i sommar.

## Fjell kyrkje

### Døypte

**13.05.2018**
Noah Pedersen
Trym Halstensen Eide

**27.05.2018**
Daniella Isabell Nesse Nunes
Lauritz Haugstad Bruvik
Olliver Rekdal Sætre

**10.06.2018**
Aaron Lie Danielsen
Andrine Thorvaldsen-Vinnes
Lukas Irving Hjørnevik

**08.07.2018**
Vegard Haatuft Vedøy
Vetle Haatuft Vedøy

**29.07.2018**
Emil Vindenes Nekkøy

**19.08.2018**
Kasper Håland Aasen
Noora-Celine Henriksen Astrup
Sofie Fjørstad Strømme

### Døde

| | |
|---|---|
| Kjellaug Margrethe Lie | f. 1950 |
| Ole Leidulf Nordvik | f. 1938 |
| Magne Aase | f. 1974 |
| Thor Harald Andersen | f. 1969 |
| Sara Einarsen | f. 1927 |
| Simon Peder A. Gjervik | f. 1934 |
| Rolf Atle Søraa | f. 1946 |
| Rita Marie Rong | f. 1962 |
| Ingvald Arnt Knutsen | f. 1938 |
| Ronny Ellingsen | f. 1964 |
| Atle Thorsen | f. 1950 |
| Norunn Skoge Heggernes | f. 1951 |
| Lars Magne Ekerhovd | f. 1938 |
| Erling Martin Nordvik | f. 1942 |

## Foldnes kyrkje

### Døypte

**06.05.2018**
Bendik Nordahl-Pedersen
Colin Finnerud Johnsen
Marcus Sunde-Hansen
Olivia Wulf

**03.06.2018**
Oscar Snekkevik Knutsen

**17.06.2018**
Ada Foldnes Storebø
Magnus Justad Instebø
Melvin Ydse Degerman

**15.07.2018**
Ella Clausen Solstad

**05.08.2018**
Leif Melstokkå Telle
Viljar Aune

**19.08.2018**
Noah Lie Lavik
Noah Tyssøy

### Døde

| | |
|---|---|
| Lars Foldnes | f. 1938 |
| Magnar Karstein Blomvågnes | f. 1947 |
| Målfrid Snekkevik | f. 1922 |
| Anne Eline Wiborg | f. 1947 |
| Torill Ødegård | f. 1967 |
| Berit Tordis Indrebø | f. 1926 |
| Lea Kornelia Fjæreide | f. 1932 |
| John Andreas Berentsen | f. 1948 |
| Kåre Ludvigsen | f. 1939 |
| Margrete Sangolt | f. 1956 |

## Landro kyrkje

### Døypte

**20.05.2018**
Marina Skogedal-Eines

**03.06.2018**
Vanezza Lokøy Sture

**10.06.2018**
Embla Sjøvold Tenold

**17.06.2018**
Oskar Ophaug Vågenes
Roselin Wilborn Larsen

**12.08.2018**
Elena Spidsberg Hjelland

**19.08.2018**
Ella Miranda Mørner-Vågheim

### Døde

| | |
|---|---|
| Gerhard Johan Eriksen | f. 1930 |
| Martine | f. 2018 |
| Else Lie | f. 1925 |
| Harald Nikolai Turøy | f. 1937 |
| Nils Sigurdsen Landro | f. 1926 |
| Artur Urheim | f. 1940 |
| Turid Opheim Vindenes | f. 1943 |
| Britt Hagen Misje | f. 1958 |

Vår Herre Jesus Kristus seier
"Eg er oppstoda og livet.
Den som trur på meg, skal
leve om han så døyr. Og
kvar den som trur på meg,
skal i all æve ikkje døy."
Joh. 11. 25-26

*Dersom du saknar informasjon om døypte eller vigde: Personvernreglane gjer at me må ha samtykke om publisering av namn på døypte og vigde. Slikt samtykke vert innhenta før publisering.*

# KONFIRMANTJUBILEUM 2018

Dette året vert konfirmantjubileet søndag **14. oktober i Fjell kyrkje** og årets jubilantar er dei som er konfirmerte i 1933, 1938, 1943, 1948, 1958, 1968, og 1978. Vi startar med gudstenesta kl. 11.00, og etter denne skal vi ta nokre jubileumsbilete inne i kyrkja før vi flyttar oss til kyrkjelydssalen for middag, kaffi og kaker. Pris kr. 375,–. I tillegg kjem kr. 65,– for de som ynskjer bilete tilsendt.

Vi sender brev til dei som vi har adressa til, men veit av erfaring at vi ikkje når alle. Vi er takksame for å få tips om namn og ev. adresse viss du veit at nokon frå kullet ditt har flytta, eller tidlegare ikkje har motteke invitasjon.

Påmelding til kyrkjekontoret i Fjell tlf. 55 09 74 40 innan fredag 5. oktober, eller på mail til; g-fjela@online.no innan tysdag 09. oktober. I tillegg til namn, ynskjer vi å få konfirmasjonsår, telefonnummer og adresse.

**Sotra Omegn**
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølgning og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
( samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

**Gravferdshjelpen**

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

**Døgnvakt 55 27 28 29**
www.gravferdshjelpen.no
Hagerupsvei 32X • 5093 Bergen

GRAVFERDSGRUPPEN

Fjell-ly

**Leirstedet til IMF Midthordland**



- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

**Tlf. 56 31 04 40**
**Fjell-ly leirsted**
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

BYGGESELSKAPET A/S
**5357 FJELL**
**Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203**
**Fax. 56 32 08 75**
MESTER

**-din el-kontakt**
VESTGAR ELEKTRO
Westland Elektro AS har fusjonert med Vestgar Elektro AS
Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210 • E-post: post@vestgarelektro.no • www.vestgarelektro.no

**Solstrands**
*Begravelsesbyrå as*
Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**
www.solstrands.no
*Vår erfaring - din trygghet*
VIRKE GRAVFERD

• koldtbord kr 229,- pr. pers
• snitter kr 25,-
• marsipankake 500,-
Lenes bakeri & catering
**for bestilling ring 56333310/56334410**
**vi holder til på Kolltveit Kai**

**Bjørgvin** BEGRAVELSESBYRÅ
**Døgnvakt 55 20 23 00**
www.bjorgvin-b.no
*Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.*

**Bergen & Omegn**
BEGRAVELSEHJELP
**POLDEN**
*- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv*



Knut Helge Polden | Espen Polden | Heine Polden | Cathrine Polden Misje

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

BEGRAVELSESBYRÅENES FORUM

ADVOKATGRUPPEN BERGEN

• Arv/gaver
• Familierett
• Testamenter/samboeravtaler
• Ektepakter
• Samlivsbrudd
• Kontrakter/kjøp- og salg
• Trafikkrett/transportrett



*Advokatfullmektig Bernhard Hauge*

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.
Hjemmebesøk om ønskelig.
E-post: bernhard.hauge@agbergen.no
Tlf: 920 41 950 www.agbergen.no
Sandviksboder 1H, 5035 Bergen




• Snitter
• Koldtbord
• Selskapsmat
• Tapas • Kaker
Tlf. 56 33 11 50
Ny adresse:
Idrettsvegen 113 C
Royal Cateringservice AS
www.royal-cateringservice.no




T1
www.t-dagen.no
T1-dag med BabySong

Velkomen til babysong, lunsj og fellesskap ein eller fleire av desse måndagane kl 10.30-12.30:

- 27. august: Fjell kyrkje
- 24. september: Foldnes kyrkje
- 29. oktober: Landro kyrkje
- 26. november: Fjell kyrkje
- 10. desember: Foldnes kyrkje



Påmelding: www.t-dagen.no
eller www.kyrkja.no/fjell
Telefon: 930 64 205 (Elisabeth)

vipps

Fjell kyrkjelege fellesråd: 82511
Foreningen Basecamp: 76162
Fjell kyrkje: 80304
Foldnes kyrkje: 76022
Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med føremål og dato. Takk for di gåve!

# Kontaktinfo

## Sokneradsleiarane

**Fjell sokneråd:**
Anne Elisabeth Møvik Hornnes
e-post: aehornne@online.no

**Foldnes sokneråd:**
Per Helge Refvik
e-post: perhelgerefvik@msn.com

**Landro sokneråd:**
Dag-Olav Bjorøy
e-post: bjoroy@online.no

## Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

| | |
|---|---|
| Sokneprest Terje Aannerød | 55 09 74 51 |
| Sokneprest Bjarte Nese | 55 09 74 52 |
| Sokneprest Maria Tveten | 55 09 74 46/ 450 63 016 |
| Soknediakon Torbjørn Fjøren | 55 09 74 47/ 92 29 53 77 |
| Ungdomsdiakon Jon Andreas Tjentland | 994 68 870/ 905 16 472 |
| Ungdomsteamleiar Mildred Fjøren Heggernes | 938 06 223 |
| Sentralbord | 55 09 74 40 |

## Kontakt med preste-tenester i Fjell

Ved behov for teneste frå prest (til dømes dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg og støtte i kritiske situasjonar) skal ein ta kontakt med kyrkjekontoret på dagtid (10.00–14.00):

55 09 74 40

## Få du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **55 09 74 40** eller **post.kyrkja@fjell.kommune.no** ved manglande levering.

# Barnekryssord




## Vannrett:

1. Guttenavn
5. EL-bil
6. Varemerke
8. Vannveg
9. Verdas mest brukte «kristne» ord.

## Loddrett:

1. Altea
2. Ordne
3. Guttenavn
4. Ringer vi med
7. Veldig sint

**Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar!**

YOUR WAY℠ BURGER KING

**Send inn kryssord til:**
Fjell kyrkjekontor
PB 184, 5342 Straume
Merk konvolutten: Kryssord

**Vinnar av Barnekryssord i nr. 3 – 2018:**
Marie Bergsvik
frå Fjell

Namn:.................................................................................

Adresse..............................................................................

.........................................................................................

**Returadresse:**
Fjell kyrkjekontor
Postboks 184
5342 Straume

NOREG P. P. posten

# Faste aktivitetar i kyrkjene

**Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!**

## Foldnes kyrkje

**Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.

**Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland tlf. 924 08 805

**Bibel, bøn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46

**KM Kluzz:** Cirka ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. For heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498

**RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425

**Foldnes barnegospel:** Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Andrea Ådland tlf. 977 55 938

**Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881

**Lille lørdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46

**Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Mildred Fjøren Heggernes tlf. 93806223

**Ungdomslaurdag:** Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Mildred Fjøren Heggernes tlf. 93806223

**Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakveldar, turar og godt lag. Kontakt: Morten Nygaard tlf. 924 82 896

**Basargruppa:** Ein torsdag i månaden. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

## Fjell kyrkje

**Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.

**Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161

**Retreatkveldar:** Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontaktperson: Terje Aannerød tlf. 55 09 74 51

**Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgnie Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646

**Vokalensemblet Sotra reviderte:** For alle som vil syngje i a-capellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603

**Fjell kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00–21.30. Kontakt: Olav Sørheim tlf. 926 15 988

**Fjell barne- og tweenskor:** Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Kari H. Mortensen tlf. 411 22 323.

Tweenskoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 18.00–19.00. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016

## Landro kyrkje

**Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.

**Onsdagsmøte:** I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Torbjørn Fjøren tlf. 55 09 74 47

**Taco-fredag:** Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00. For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52

**Nordre Fjell Barnekor:** 1.–3. klasse, kl. 17.30–18.40 kvar tysdag.

**Tweenskor:** 4.–7. klasse, kl. 18.40–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332

**Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881

**Landroklubben:** I kyrkjekjellaren annankvar fredag kl. 18.30–22.30. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52